

# ÅRSMELDING 2015

## VALLDAL IDRETTSLAG

### Styret 2015 -

Einar Hoel	leiar
Anders Rem	nestleiar
Trond Håvoll	kasserar
Liv Marit Indreeide	skrivar
Kristin Sandnes	styremedlem, ansvarleg klubbhus
Richard Moen	leiar fotball gruppa
Magne Eivind Glomnes	leiar friidrettsgruppa
Kristi Linge Stakkestad	leiar skigruppa
Kjersti Magnussen	leiar trimgruppa
Inge Sunde	1. varamedlem
Torkjell Bjørstad	2. varamedlem

### Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 8 styremøte i 2015 og behandla 40 saker. Oppmøte til styremøte er godt og det er eit godt samarbeid i styret. 1.varamedlem er alltid innkalla til styremøte

### Medlemstal –

For 2015 er det registrert om lag 280 betalande medlemmar. Dette er om lag på same nivå som i 2014.

### Representasjon –

Anders Rem sit i styret i Norddal Idrettsråd.

Anders Rem og Einar Hoel har delteke på anleggsmøte i Møre og Romsdal Idrettskrets/Møre og Romsdal Fylke

Øyvind Hoel er Valldal IL sin representant i gjevargruppe for nytt bygg for idrett og kultur  
Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune

### Anlegg-

2015 har vore eit omfattande anleggsår med fullføring av anlegg og oppstart av nye anlegg. Styret har starta arbeidet med ein anleggsplan. Planen skal omhandle langsiktige behov for nye anlegg, og drift og vedlikehald av eksisterande anlegg. Det vert ei oppgåve for det nye styret å fullføre planen.

### Rehabilitering klubbhuset

Dette vart ferdigstilt i 2014. Arbeidet vart ein del billegare enn kalkulert, total kostnad inkl dagnad kr 580.000. Dette har gjeve utbetaling av kr 193.300 i spelemidlar og tilsvarande i kommunalt tilskot. Det er i tillegg søkt om mva-kompensasjon på kr 91.800 , utbetaling i 2016.

Resultatet er eit godt tenleg klubbhus med velutstyrt kjøkken. Også overbygg over inngangsparti fungerer godt.

### Trakkemaskin

Ny trakkemaskin vart kjøpt inn heilt på slutten av 2014. Kostnad kr 1,5 mill inkl mva. Trakkemaskingruppe og styret i skigruppa gjorde ein stor jobb med finansiering. Laget er gjeldfri med ei moderne trakkemaskin. Dei viktigaste postane for finansiering var sal av gamal maskin, spelemidlar på utstyr, støtte frå Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Møre og eigne midlar frå Valldal IL. I tillegg kom det inn om lag kr 150.000 frå private og firma. Det er ikkje full kompensasjon av mva på slikt utstyr, men laget har etter søknad fått tilbakebetalt om lag kr 80.000

### Idavollen

Det har i fleire år vore arbeidd med planar for rehabilitering av Idavollen. På årsmøtet 2015 vart det vedteke utbygging av 11-ar bane på 90m x 54m. Total kostnad knappe kr 4 mill. Finansiering med spelemidlar, kommunalt tilskot og eigne midlar/dugnad. Arbeid vart starta opp i juni med fundament for lysmaster. Etter ein pause midt på sommaren, vart lysanlegg montert opp, grunnarbeid utført og kunstgras lagt. Lys er levert av Alf Hoel El-installasjon, grunnarbeidet utført av Gjerde Entreprenørdrift AS og kunstgras levert av Sport Surface AS. Kunstgrasbana vart teke i bruk i midten på oktober. Bana er så godt som ferdig, det står att litt arbeid med ein del gjerde. Grunnarbeidet vart noko dyrare enn først berekna, slik at kostnad er i overkant av kr 4 mill. Det er utført stor dugnadsinnsats til ein verdi på kr 500.000. I tillegg er det samla inn knappe kr 150.000. Anlegget fekk ikkje tildelt spelemidlar i 2015 og det er sendt fornya søknad i 2016. Det er løyvd om lag kr 1 mill i kommunalt tilskot. Det vert søkt om auke av denne delen. I påvente av utbetaling av spelmidlar og kompensasjon av mva har laget eit midletidig lån på kr 2 mill.

### Nytt bygg for idrett og kultur

Etter fleire vedtak i kommunestyret og ein del "turbulens" i kommunen, vart arbeid med nytt bygg for idrett og kultur oppstarta i mai 2015. Dette omfattar m.a. ein idrettshall på 25m x 45m og vil verte ein flott tilvekst når det gjeld idrettsanlegg både i Valldal og for heile kommunen. Valldal idrettslag har gjeve lovnad om å støtte bygginga ikkje minst med tilskot til inventar, men også med dugnadsinnsats.

### Parkeringsplass ved klubbhuset

I samband med utbygging av Idavollen vart det ein del overskotsmasse. Det vart gjort avtale med Norddal kommune om utviding av parkeringsplassen nedanfor klubbhuset. Området vart rydda for skog og masse vart lagt på slik at plassen no har dobla kapasiteten i høve til tidlegare. Kostnad om lag kr 50.000

### Fridrettsbane Valldal stadion

Grusbana vart sprøyta og skrapa for å få vekk mose og anna vekster. Overskotsmasse vart køyrd ut i lysløypa og lagt på for å jamne ein del dumpar. Det vart løyvd litt toppdekke tiltenkt Idavollen og dette vart lagt på friidrettsbana og jamna ut.

### Sandvolleyballbaner

Etter avtale med Norddal kommune vart sanden som var i volleyballbaner ved Muritunet flytta til Rådhusmarka og brukt til å lage to sandvolleyballbaner. Gamle nett vart sett opp, men det er behov for å kjøpe nye slike. Grunna litt varierende sommarver vart banene ikkje så mykje brukt

### Skilting og merking av råser

Etter avtale med Norddal kommune og verdsarvstiftinga i Geiranger har idrettslaget i samarbeid med grunneigarar og andre, skilta og merka råser i nedre Valldal. I tillegg har det vorte laga turkart for Valldal og Fjørå som vert seld til turistar og andre interesserte. Annonseal på karta har finansiert desse

### Idrettsskulen

Idrettsskulen for barn 6-10 år var i gong hausten 2014 og litt inn på nyåret 2015. Grunna sviktande interesse vart det tidleg avslutning. Det har ikkje vore idrettsskule på hausten, då samfunnshuset ikkje har vore tilgjengeleg. Vi planlegg å starte opp att frå hausten 2016

### Nettside

Nettsida [www.valldalil.no](http://www.valldalil.no) er brukt både som informasjonskanal, men også for å omtale aktivitet i laget og ulike grupper. Det er Facebook-grupper for ski- fotball- og trimgruppa for informasjon

### Negativt

Diverre har vi 2015 brukt mykje tid og pengar på usemje med hytteigarar på naboieigedommar til våre anlegg på Omenås. Ein hytteigar som ville stoppe anlegget på Idavollen, trekte etter kvart kravet og saka vart løyst på den måten. Usemja om lysløypetrase på brinken ovanfor Valldal stadion er framleis uløyst. Vi har brukt advokat til hjelp, men det er vanskeleg å finne minnelege løysingar.

### Tilsette –

I 2015 har det vore tilsett reinhaldar på klubbhuset. I tillegg er det avtale med Anders Rem om tilsyn og ein del forefallande arbeid på klubbhuset.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS..

### Arrangement -

Det var marknad på Samfunnshuset i april. Dette er ei god inntektskjelde for laget og overskot i 2015 vart knappe kr 40.000. Det er årsal, tombola, lister, pilkast, i tillegg til enkel underhaldning og premieutdeling frå Valldal Liabygda cup på ski.

Olsok og Mefjellet opp er også årvisse arrangement. Mange var i aksjon å hjelpte til, men slutten av juli er ferietid og for andre ein hektisk arbeidsperiode, slik at det på nokre område var det krevjande å få saman arbeidslistene. På olsoklaurdagen var det flott ver og stor oppslutning frå publikum. Totalt ga desse arrangementa om lag kr 120.000 i netto inntekt. Det er ikkje gjort noko endeleg vedtak om bruk av overskotet, men styret foreslår at det skal brukast i nytt bygg for idrett og kultur.

Valldal IL var i april medhjelpar på aktivitetsdag på Samfunnshuset for personar med nedsett funksjonsevne.

Det vert vist til gruppene sine årsmeldingar om deira aktivitetar og arrangement.

### **Økonomi –**

Valldal IL fekk i 2015 kr 35.500 frå Grasrotandelen, Norsk tipping. Kulturmidlar frå Norddal kommune utgjer kr 36.000 og lokale aktivitetsmidlar, som er eit statleg tilskot til idrettslaget utgjer ca kr 42.000. Laget fekk kr 144.000 i mva kompensasjon på drifta i 2015. Av dette utgjer kompensasjon for trakkemaskin kr 80.000.

Rekneskapsmessig vart 2015 eit spesielt år. Resultatet på over kr 1,0 mill er ikkje reelt for drifta. I 2014 hadde Valldal IL eit underskot på kr 0,5 mill. Hovudårsaka til desse store summane er kjøp av trakkemaskina på slutten av 2014. Maskina pris kr 1,5 mill vart betalt i 2014. Kr 550.000 av finansieringa kom inn i 2015, i tillegg mva-kompensasjon for maskina på kr 80.000.

Også spelemidlar på rehabilitering av klubbhuset kr 190.000 kom inn i 2015. Utgiftene til dette prosjektet er ført tidlegare år.

Dersom ein ”korrigerar” for desse beløpa var driftsresultatet i 2015 om lag kr 250.000 i pluss. Alle gruppene inkl hovudlaget, hadde overskot i sine rekneskap. Friidrettsgruppa har utsendte krav som ikkje er betalt og som ikkje viser i rekneskapet. Resultatet er sær bra og viser at alle gruppene jobbar godt med økonomien. Innestående på konto pr 31.12 var om lag kr 920.000.

Mange gjer ein stor for idrettslaget og idretten i Valldal og styret vil rette eit stor takk til alle som har bidratt til dette i 2015.

Valldal 2.3.2016

Valldal IL - styret

Einar Hoel    Anders Rem    Trond Håvoll    Liv Marit Indreeide    Kristin Sandnes

Richard Moen    Magne Eivind Glomnes    Kristi Linge Stakkestad    Kjersti Magnussen

## ÅRSMELDING 2015

### VALLDAL IL FOTBALLGRUPPA

#### **Styret har vore slik samansett:**

Richard Moen (leiar)  
Hillevi Hovden (nestleiar)  
Silje Sandøy Grønning (kasserar)  
Robin Gjerde (styremedlem)  
Stig Rune Grønmo  
(styremedlem)  
Vara: Hege Bjørstad (møtande vara) og Rune Omenås.

Arbeidet har vore fordelt slik: Hege har vore materialforvaltar. Hillevi har hatt ansvar for kiosken, dommaroppsett og ferjekort. Stig Rune har vore baneansvarleg første del av sesongen og Anders Rem andre del. Vi valte å droppe Fair Play representant dette året.

Vi har hatt seks styremøter i løpet av året. Det har også vore kontakt per telefon og e-post.

Det var 12 lag med i sesongen 2015, og desse var: G06 (to lag), G08, G09, G10, G12, G13, G16, J08, J11, J13 og J16. Alle desse laga var med både i vårsesongen og haustsesongen. Laga opp til og med 10 år spelte miniturneringar og laga frå 11 år og oppover spelte seriespel. Valldal IL arrangerte miniturneringar på stadion i veke 19 for J08, veke 34 for G09 og G10 og veke 37 for G08. Desse turneringane har gitt gode sal i kiosken. Herrelaget har fortsett sine treningar og kjem til å stille 7ar-lag i 2016.

Det var ingen lag som var påmeldt Norway Cup 2015, men vi har hatt med lag i andre cupar og turneringar. J08 var med på Stordalscupen og Tarecupen. G08 var også med på Tarecupen. G10 var med på Bendit-cup og Haustputten. J13 var med på Hessa Cup. J16 og G16 var med på futsal-KM på Stranda.

Kunstgrasbana på Idavollen blei hausten 2015 ein realitet og arbeidsgruppa med Torkjell Døving, Anders Rem, Robin Gjerde og Anne Lene Hjelle har gjort ein god og iherdig jobb med å få til dette. Vi har no ei lita 11-ar bane med kunstgras i tillegg til grasbana vår. Det har vore ein fantastisk dugnadsinnsats blant både medlemmar og ikkje-medlemmar. Resultatet har vore ein ny og populær møtestad for barn og unge. Så kan vi nemne at herretreningane på kunstgras har ført til at vi i 2016 stiller med eit A-lag i 7ar-serien. Det kjem også med nokre fleire utfordringar for fotballgruppa. Vi opplevde eit par vindfulle dagar som løfta litt på kunstgraset og sette nokre av lysa ut av posisjon. Dette er ting vi må tenkje gjennom framover saman med vedlikehald av anlegga. Kanskje blir det ein stillingsprosent for dette.

Vi held fram med klubbavtalen vi har med Intersport Rognve som gir oss gode rabattar ved kjøp av utstyr. Vi fekk i haust ta ut bonusen vår for 2015 – varer for 15 000,- kroner. For dette fekk vi fotballar, vestar, ballsekkar og anna småutstyr.

Avtalen vår med G-sport på Stranda var også gjeldande for 2015. Her får alle «medlemmar» 20% rabatt ved kjøp av fotballutstyr.

For å få pengar i kassa har dette vore gjort:

- Sal av sparekort (ca. 2 500,-)
- Sal av annonser i programbladet (ca. 37 000-15 200 = 22 000,- i overskot)
- Vakter på Kulå (8 800)
- Bingo i november (ca. 12 000,-)
- Sal av lodd og adventskalenderar (ca. 16 000,-)
- Kiosksal ved kvar heimkamp (ca. 50 000)
- Treningsavgift for spelarane (ca. 37 600,-)

Vi har fått tildelt dette frå sponsorar/støttespelarar:

- 30 000,- Gullkornmidlar frå Sparebanken Møre

### **Evaluering av «Arbeidsplan for 2015 / langtidsmål»**

\* «halde fotballinteressa oppe også når ungane kjem opp i ungdomskulealder – greie å stille lag også i dei eldste klassene»

- Dette ser ut som vi greier. Vi klarer ikkje å stille G16-lag, men vi stiller til gjengjeld eit 7ar-lag for herre i tillegg til G13, G14, J13 og J16.

\* «halde oppe talet på påmelde lag i serien»

- I 2015 hadde vi 12 lag då vi for første gang stilte G06-lag (to lag). For vårsesongen 2016 blir det 11 påmelde lag, det same som for to år sidan.

\* «alle skal få sjansen til å delta på Norway Cup mot slutten av aldersbestemte klasser»

- Ingen lag stilte på Norway Cup i 2015, noko som var forventa.

\* «i august skal vi arrangere treningshelg på stadion for G/J12 og eldre. I tillegg skal vi ha ekstra treningsøktar for fleire årsklasser i lag, nokre gongar med litt sosiale aktivitetar utanom fotball».

- Dette blei ikkje gjennomført i 2015 mykje pga. dugnadsmengda knytt til kunstgrasbana, men no ligg alt til rette for at dette kan skje i 2016.

\* «gjere bingoen vi arrangerte i november til eit årleg arrangement»

- Bingoen blei arrangert også i 2015, sjølv om samfunnshuset er under oppussing. Vi gjennomførte bingoen i kantina på skulen med god suksess.

Valldal, 16.02.16.

Valldal IL fotballgruppa

Richard Moen leiar Hillevi Hovden

Silje Sandøy Grønning

Stig Rune Grønmo Robin Gjerde

# ÅRSMELDING 2015

## VALLDAL IL - FRIIDRETTSGRUPPA

Styret i friidrettsgruppa har siste året hatt følgjande samansetjing:

Magne Eivind Glomnes, leiar  
Kjersti Magnussen, nestleiar  
Lars Tomas Bersås, kasserar  
Øyvind Reiten, styremedlem  
Børge Heggen Johansen, styremedlem

Petter Lingaas og Jacek Wilczura har vore varamedlemar.

Det har vore to styremøter i 2015, der eitt var saman med Liabygda der friidrettscup og treningar vart diskutert. Leiar har også vore med på felles møte angående Storfjordstemnet i Eidsdal. I 2015 arrangerte vi Valldal/Liabygda cup på same måte som tidlegare. Mefjellet opp og jordbærdilten vart arrangert også dette året av heile idrettslaget og ligg på terminlista til friidrettsforbundet.

### **Arrangement:**

#### **Valldal/Liabygda cup:**

I 2015 samarbeidde vi nok ein gong med Liabygda IL om friidrettscup. 6 cupar totalt; 3 i Valldal, 3 i Liabygda. I tillegg arrangerte vi Storfjordstemnet saman med Eidsdal, Norddal og Liabygda i på Langereiten stadion i Eidsdal i slutten av august. Dette telde også i cupen. Samanlagt premie for 3 cupar totalt. Det er svært gledeleg å registrere at deltakinga på cupane er aukande, særleg frå Valldal. Nok ein gong vart det rekord i talet på samanlagtpremiar.. Heile 55 samanlagtpremiar vart delt ut og 7 var med på alle cupane. Det er imponerende. Det vart ei enkel avslutning med premieutdeling på klubbhuset rett etter siste cupen i september.

#### **Stafettar:**

Norrdalstafetten vart arrangert i Eidsdal søndag 20. juni. Dette viste seg dessverre å kollidere med det meste for Valldalingane og vi greidde berre å stille med eitt herrelag. Det er ønskeleg å samarbeide betre mellom klubbane i høve til val av dato for Norrdalstafetten slik at ein på den måten kan sikre ei større deltaking frå alle.

Det har ikkje vore deltaking på andre stafettar i 2015.

#### **Trening og aktivitet:**

Det vart også i fjor forsøkt ein felles oversikt over treningar og cupar. Cupane fungerte bra, medan det var minimalt med organisert trening dette året. Når det gjeld deltaking utanfor lokalområdet har det vore nokre løp på landeveg, terreng og motbakke av nokre få løparar frå Valldal med gode resultat.

Det har vore deltakarar på dommarkurs i regi av Møre og Romsdal Friidrettskrets.

**Økonomi:**

Økonomisk vart det i 2015 eit underskot på kr. 5539. Banksaldoen viser kr. 32.055,-.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2016.

Valldal 18. februar 2016

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Kjersti Magnussen, Lars Tomas Bersås,

Øyvind Reiten, Børge Heggen Johansen



# ÅRSMELDING 2015

## VALLDAL IL SKIGRUPPA

### 1. Innleiing

Valldal IL skigruppa kan sjå tilbake på ein god skisesong 2015. Vi må seie oss godt fornøgd med deltakinga i lokale renn og arrangement, og nokre deltek også på krets nivå, regionalt og nasjonalt nivå. Det er gledeleg at vi har stor stor breidde og bruk av lysløypa, spesielt gjennom oppslutninga om skikafeen torsdagane i vintersesongen.

### 2. Organisering

#### Styret:

Kristi Linge Stakkestad – leiar  
Jan Ole Fuglem – nestleiar  
Geir Arne Myren – kasserar  
Marian Myklebust Sunde – styremedlem  
Terje Nerhus – styremedlem  
Per Jomar Nerli – 1. varamedlem  
Arne Sandnes – 2. varamedlem

#### Undergrupper:

##### Trakkemaskingruppe

*kontaktperson Jan Ole Fuglem*

Magne Hoel  
Fridjon Døving  
Jostein Gjerde  
Terje Hoel

##### Skikafe/premienemnd

Marian Myklebust Sunde  
Anett H. Steinnes

##### Treningsnemnd

**(langrenn/skiskyting)**

Jan Ole Fuglem  
Marian Myklebust Sunde  
Per Jomar Nerli

##### Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

Hans Martin Gjedrem

##### Tilsynsgruppe lysløype

Terje Nerhus  
Aksel Indreeide  
Magne Hoel  
Kjell Vad

##### Anleggsnemnd skiskyting

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Hans Martin Gjedrem

##### Programbladnemnd

Per Jomar Nerli  
Aud Lindis Ødegaard

##### Bingokomite

Anett H. Steinnes  
Marian Myklebust Sunde

### 3. Økonomi

Hovudtal	2011	2012	2013	2014	2015
Inntekter	470 341	160 294	302 014	1 214 901	918 428
Utgifter	418 601	249 663	380 878	1 712 652	258 839
					659 588

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 60 066 (31.12.15).

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.15 gjeld på kr 26 206.

Av dette er kr 12 000 eit likviditetslån til hovudlaget som er innfridd no i 2016, og resten er leverandørgjeld som er betalt ved forfall i 2016.

Skigruppa har pr 31.12.15 fordring på kr 80 000. Dette er momskompensasjon som hovudlaget har fått inn og som er overført i 2016.

Skigruppa er pr 17.02.16 gjeldfri.

#### **Viktige inntektskjelder:**

Inntekter på arrangement, programhefte (annonsesal), sponsorar, gåvemidlar

**Dei største utgiftspostane:** Drift av utstyr og anlegg

#### **Ny trakkemaskin**

Årsmøtet i VIL skigruppa i 2014 vedtok å arbeide for innkjøp av ny trakkemaskin. Ei prosjektgruppe vart sett ned, og utpå hausten vart det klart at finansieringa kom i orden og ny maskin kunne bestillast. Etter ekstraordinært årsmøte i VIL hovudlaget 4. desember vart ny maskin innkjøpt til kr 1 500 000, og finansiert med sal av gammal maskin (kr 450 000), spelemidlar (kr 250 000), støtte frå VIL hovudlaget (kr 170 000), frå Sparebanken Møre (kr 200 000), Gjensidigestiftelsen (kr 200 000), TAFJORD (kr 75 000), mva-kompensasjon, lån (kort periode) og ikkje minst kronerulling frå næringsliv og privatpersonar i bygda. Vi takkar alle for støtta, kvar krone kom godt med! Den nye maskina vart markert med kick off for skisesongen 8. januar 2015, der representantar for sponsorane Sparebanken Møre og TAFJORD var tilstades. Dette gav oss god dekning i media, både Storfjordnytt og Sunnmørsposten.

### 4. Aktivitet

#### **Representasjon**

Skigruppa har hatt utsendingar til Skikretstinget i Møre og Romsdal og fagmøter, langrenn.

Sonekontakt har delteke på sonemøter.

#### **Trening**

Treningsopplegget har vore ganske likt dei siste åra. Kvar tysdag frå oktober og utover hausten og vinteren er det **trening i barmark/ klassisk/ fristil/ skileik** for to-tre

grupper frå 1. klasse og oppover. Torsdagar er det skiskyttartrening på Myklebust, både på barmark og snø.

Skisesongen har sidan 2013 starta opp med **miljøsamling** for Valldal IL på Ullsheim skistadion på Markane siste helga i september. Dette er blitt ein kjekk, nyttig og god start på sesongen.

Laurdag 2. januar arrangerte VIL for tredje gong **treningssamling** for barn og unge i klubbane i sone indre Sunnmøre. Det vart to økter på snø i løypene frå Langdal, og matpause på klubbhuset midt på dagen. Eit vellukka opplegg med fornøgde deltakarar frå Liabygda, Stordal, Stranda og Valldal.

Treningsnemnda har ansvar for treningsoppsettet for heile sesongen, og har også denne gongen gjort ein god jobb med både tradisjonell og nyskapande aktivitet. I tilegg til trening for dei yngste, er det også fleire vaksne som brukar å møtest til **felles, uorganisert barmarkstrening** i lysløypa, noko som vi trur er eit triveleg og nyttig møtepunkt.

### **Trenarkurs**

Det vart gjennomført trenar 1 – kurs med instruktør frå Møre og Romsdal skikrets hausten 2015, og Valldal IL har no sju nyutdanna trenarar for barneidrett. Det er flott at vi på denne måten kan halde eit godt nivå på aktiviteten for barn og unge, og samtidig få eit godt og inspirerande trenarmiljø der fleire dreg lasset i lag.

### **Skiskyting**

I mars 2013 starta vi for første gong opp med skiskyttarskule for barn, unge og føresette. Nytt utstyr er kjøpt inn og skiskyttaranlegg er bygt på Myklebust med støtte frå Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen og ordninga Spelemidlar til utstyr. Det er gjennomført skiskyttarskule i fleire omgangar og etter det har det vore jamt oppmøte på skiskyttartrening kvar veke. Fleire har også delteke på skiskyttarrenn.

### **Kretslag**

Valldal IL har i 2014/2015 og 2015/2016 to løparar på Møre og Romsdal skikrets sitt juniorkretslag, Iver Matias Linge Glomnes og Kornelius Linge Glomnes. Dette laget ser ut til å fungere bra. Dei har vore og er elevar ved Stranda skigymnas, som har eit nært samarbeid med kretslaget.

### **Storfjordlangrenn**

Valldal IL er medeigar i Storfjordlangrenn.

Sesongen 2015/2016 er det tre trettenåringar frå Valldal IL som er påmeldt.

### **Materiell**

Skigruppa disponerer om lag 20 par skøyteski i lengder frå 132 til 170 cm til utlån.

Skia er tenkt til aldersgruppa 7-12 år (1.-6. kl). Vi har også fleire par rulleski til utlån.

Gruppa eig sju skiskyttarvåpen. Alt utstyret har vore jamt i bruk siste året. Det er også innkjøpt ein del aktivitetsmateriell til bruk på treningane.

### **Arrangement – skirenn**

Valldal IL arrangerte paldmesøndag 29. mars **Sparebanken Møre cup i duatlon**. Dette var det avsluttande rennet i cupen, med påfylgjande samanlagtpremiering. Heile arrangementet var på Omenås. VIL fekk også denne gongen skryt for eit godt arrangement, og vi tek det som ein honnør til det gode arbeidet som blir lagt ned av mange dyktige og erfarne frivillige medhjelparar. Vi nyttar høvet til å sende alle frivillige ein stor takk!

Søndag 18. januar var det **sonerenn** i Valldal. Sonerenna omfattar Stordal, Liabygda, Geiranger og bygdene i Norddal kommune. Deltakarar utanfrå er også velkomne. Rennet vart arrangert som skicross og hadde 56 deltakarar. Mange utfordringar som til dømes orgeltramp, portar, slalom, hopp og labyrint blir lagt inn i løypa. Ei spennande og populær form for skirenn for spesielt dei yngste deltakarane.

**Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen** er eit samarbeid mellom Valldal IL, Liabygda IL og Stordal IL. Om lag 30 deltakarar gjekk minst fire renn og gjorde seg fortent til samanlagtpremie. Premiar frå Telenor (hue) blei utdelt ved deltaking i minst to renn og det var det mange som fekk.

**Valldalsmeisterskapen** vart arrangert i fristil skjærtorsdag **2. april**, også denne gongen med god deltaking i gjesteklassane. Totalt 120 skiløparar i alle aldrar deltok. Dei klart største klassane i VM er framleis barn under 8 år og herrar senior.

### **Skikafe**

Det var skikafe på klubbhuset kvar torsdag frå nyttår og fram til påske. Skikafe er eit positivt tiltak med svært god oppslutning når skiforholda på Omenås er gode! Det er mange som nyttar denne kvelden til ein skitur og ein prat over kakao- eller kaffikoppen etterpå. Det er eit godt system for arbeidsfordeling, så kafeane går om lag ”av seg sjølv”.

### **Ski i skulen**

Ski i skulen er eit prosjekt for skiopplæring som kom til i samband med arbeidsplanen for 2013. Sparebanken Møre har støtta oss med dette prosjektet kvart år sidan. Elevar ved Valldal skule får tilbod om 1-2 økter med skiinstruksjon. Midlane går hovudsakleg til dekking av skyss.

### **Vintertrim**

Det var som tidlegare år sett ut fire vintertrimpostar; Valldalssætra, Høgghaugen på Gjerde, Klovset og lysløypa. Postane stod ute til april, og premiar vart trekt mellom dei som hadde besøkt postane.

## **Marknad**

Sesongen vart avslutta med marknad på samfunnshuset laurdag 11. april. Det var også samanlagtpremiering av deltakarar i Valldal Liabygda-cup og trekt premiar mellom dei som har registrert seg på vintertrimpostane.

## **5. Prestasjonar – resultat**

Valldal IL har dei siste åra vore representert på ulike nivå innan vinteridrett, både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Mange små og store løparar stilte til start på landsrenn (=kretsrenn), sonerenn, i Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen og i VM.

Og nok ein gjeng med birkebeinarar frå Valldal IL drog til Rena i mars 2015.

Ambisjonane er ulike, men alle er nok godt nøgd når dei 54 kilometerane er unnagjort. Fleire medlemmar deltek også på turrenn både regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og det er flott at Valldal IL er representert både her heime og ute i den store verda.

## **6. Avslutning**

Vi håper at mange hadde gode treningsøker og fine opplevingar i skiløypene sist vinter. Den nye trakkemaskina og dei dyktige sjåførane gjorde også dette året ein god jobb slik at vi omtrent dagleg kunne finne nypreparerte skiløyper.

Vi har god breidde av små og store som brukar løypene i vinterhalvåret. Det er flott at så mange er i fysisk aktivitet og finn glede i å gå på ski, og vi håper på snørike vintrar som gir auka rekruttering i åra som kjem!

Vi ser også fleire unge og ivrige løparar som vi håper å sjå meir til i åra som kjem, og vi håper og ønskjer at skisport i Valldal vil stå sterkt også i framtida. Det er plass til fleire, både i lysløypa og på treningane.

**Heilt til slutt vil vi rette ein stor takk til alle som har hjelpt og støtta oss på ulike måtar det siste året. Utan innsatsen dykkar hadde det ikkje gått!**

**Dette gjer at vi framleis har ei sterk og livskraftig skigruppe i Valldal IL som kan gjennomføre små og store arrangement.**

Valldal IL ski, februar 2016

Styret

Kristi Linge Stakkestad

Jan Ole Fuglem

Geir Arne Myren

Mariann Myklebust Sunde

Terje Nerhus

Per Jomar Nerli – 1. vara

# ÅRSMELDING 2015

## VALLDAL IL TRIMGRUPPA

Styret for 2015 har vore slik

Leiar	Kjersti Magnussen	for 1 år
Nestleier / skriver	Liv Hanne Svensvik	1 av 1 år
Kasserer	Odd Martin Hoel	for 1 år
Styremedlem	Runar Andersen	1 av 2 år
Styremedlem	Joerg Bartel	for 1 år
Varamedlem	Maria Dvergsdal	for 1 år
Varamedlem	Nelly Ytterli	for 1 år

Valnemd Liv Hanne og Kikki ( glemte å velge noen så vi tok det selv )

Representant til hovedstyret Kjersti Magnussen  
Representanter til Jordmormarsjen Liv Hanne Svensvik / Kjersti Magnussen

### **Gåve:**

Trim gruppa gir 2000,- til skigruppa sin bingo. Mars - 15

Vi gir også 15000,- til Gjevargruppa for nytt bygg for idrett og kultur. Februar -16

### **Sykeltrimmen 1. Mai.**

178 solgte billetter er veldig bra. Satt at med eit overkudd på 9900,- og då var det trimgruppa som kjøpte inn syklane til hovedpremie. Syklane blei vunnet av Knut Frostad og Elida Fuglem. Vi hadde også mange flotte premiar som ble trekte ut på startkontigenten.

### **Vekas tur i samarbeid med God Helse**

Ein tur til Brekkå. Lite folk pga dårleg ver heile dagen. ( regn ) Då turen strarta letta det og vi fekk ein flott tur på beina og noken hadde også truger oppe på flata inn mot Brekkå.

### **Jordmormarsjen**

Vi var også i år med på å hjelpe til under Jordmormarsjen. Liv Hanne var med på møta i forkant og nesten hele styret stilte opp og hadde ansvaret for drikkestasjonene ved Onilsavatnet, Tafjordbadet og utdeling av gevinster i Muldalen. Vi hjalp også til med salg av billetter i Muldalen. Kjersti og Liv Hanne ordna med syltetøy til premier fra Norsk Bærindustri og frukt til stasjonene frå Spar. Saft blei kjøpt på Norsk Bærindustri.

### **Trimpostane 2015**

Det blei ingen nye poster i år men Gjerdsegga fekk 5 poeng. ( før 3 poeng ) Postane blei lagt ut frå 1. Mai og fortløpend så snart det var mulig å nå dei. Dette bli også lagt ut på Valldal Trim sin Facebook side. Også i år har dei vært meget godt besøkte i løpet av sommeren og hausten.

I år ville vi prøve å få ut fleire i gruppa 16 – 25 år og Rørteam stilt med Go-pro kamera som premie til den med alle postene i den aldersgruppa. Ved flere kandidater blei det trekning.

Vi har solgt trimkort for 5300,- Mesteparten av dette gikk til premier til dei med flest poeng ( gåvekort på 500,- ) og alle barn 0 – 16 år fekk termokopp i boks frå Poul Pava.

Vinner med flest poeng blant voksne var Odd Martin Hoel.

Flest poeng for barn 0 – 10 år var Vilja og Heine Fuglem.

Flest poeng barn 10 – 16 år var Elida Fuglem.

Vinneren av Go-pro kamera var Irene Rødal: Det var 5 i denne aldersgruppen som hadde alle postene. Bra framgang frå i fjor, da det var kun ei.

### **Nyttårsmarsjen 1. Januar 2015**

54 stk stilte til start. Vi hadde salg av vafler, kaffe og saft . Hovedpremier som var ei fruktkorg frå Muri / Spar. Ellers hadde vi fleire premier som ble trekt ut på startnr.

### **Elles dette året:**

Facebook sida vår har skiftet til Valldal IL Trim. Der legger vi ut når postane er klare og det som skal skje i regi av Trimgruppa. Målet er også at det kan bli en side der folk kan avtale fellesturer.

Vi har hatt noen møter og god kontakt på sms, mail og Facebook

En representant har stort sett møtt på styremøta i hovedstyret.

### **Arbeidsplan for 2016**

Målet for 2016 er å halde vedlike dei aktivitetane vi har hatt og kanskje få til nokre nye. Har vært på snakk om å få til dameturer. Dette var det for nokre år tilbake.

Valldal, februar 2016

Valldal IL Trim, Styret

Kjersti Magnussen    Liv Hanne Svensvik

Odd Martin Hoel

Runar Andersen      Joerg Bartel

# ÅRSMELDING 2015

## VALLDAL IL FRESBEEGOLF

Frisbeesesongen 2015 blei ein suksess frå start til slutt. Første *Vekas runde* var på sjøve langfredag (3. april) og siste var 25. september. Det var folk på alle 26 gongane. Sesongens vinnarar av uttrekkspremiar var Ole Sander Ytterli, Per Jomar Nerli og Sander Lørdøen. Når vi først snakkar om Vekas runde, kan vi ta med nokre fakta:

- I løpet av sesongen var det 55 spelarar innom.
- Ole Sander Ytterli deltok på flest med 22 gongar.
- Det deltok færrest 7 og flest 24 spelarar.
- Gjennomsnittet av deltakarar var 12 spelarar.
- Vi har registrert 265 rundar med totalt 13 434 kast!
- 33 personar hadde brukt færre enn 50 kast.
- 17 personar hadde kasta på par eller betre (par = 39).
- 7 personar hadde kasta på 4 under par eller betre (35 eller lågare).

Den første turneringa vi arrangerte denne sesongen var *Vårslepp 2015*, som gjekk av stabelen laurdag 2. mai. Med 23 spelarar som fullførte to rundar à 12 hol og påfølgjande finale for dei fire beste, blei dette akkurat det arrangementet vi ville ha.

*DiskSPORTens Dag* søndag 7. juni skulle vere ein familiedag med leik og moro, men her var det ingen som møtte opp.

*Sankthansgolf* tysdag 23. juni starta kl.2000 med 13 deltakarar og påfølgjande puttekonkurransse kl.2200. Jan Tore Jemtegård vann runden og Hogne Grønningsæter vann puttekonkurransen.

*Jemtegård Open* laurdag 8. august var fjorårets storturnering med heile 35 deltakarar frå Langevåg, Måløy, Volda og Vestnes i tillegg til Valldal. Alle gjekk to gongar 15 hol og dei seks beste gjekk ein finale på 5 hol. Det var ingenting å seie på nivået her. Øyvind Jarnes (juniornorgesmeister 2014) kom på 3. plass. Han tok ein 2. plass i den gjævaste klassa i Norgescupen helga etter! Sølve André Hatlen (5. plass NM 2013) tok andrelassen. Vinnaren blei Jostein Håland, som også vann NM seinare på sommaren! Kanskje det blir ein tradisjon at vinnaren av Jemtegård Open alltid blir norgesmeister? I juniorklassa var det Knut Håland som vann. Han tok sølv i NM for yngre junior ein månad seinare. Linda Lørdøen vann dameklassa.

*Klubbmeisterskapet* søndag 27. september kolliderte med andre arrangement denne helga og det var difor berre 11 personar som møtte. Det blei likevel gjennomført, og det for andre gong i historia. Først gjekk vi ein runde på 18 hol, deretter ein runde på 12 hol. Richard vann herreklassa framføre Eirik Lørdøen og Jan Tore Åsheim. I dameklassa var Linda og Terese likt etter totalt 30 hol. Jan Tore Jemtegård vann juniorklassa.



Til slutt kan vi seie at frisbeegolf er ikkje berre konkurransar. Denne aktiviteten har blitt stor her i Valldal og mange går ein runde på grunn av det sosiale. Her er både familiar og vennegjengar, og ganske mykje av året blir nytta. 2. juledag prøvde vi oss for første gong på lysgolf. Med små LED-lys på disken, hovudlykter på spelarane og lommelykter på korgene var dette ein kjekk aktivitet som freista til gjentaking.

Valldal, 2.3.16

Valldal IL Frisbeegolf

Richard Moen